



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Ørsta kommune.

Tussa Energi AS. Fråsegn til søknad om løyve til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk.

Fylkesmannen viser til oversendt søknad og til felles synfaring 03.10.2017. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

- Tussa Energi AS ønskjer å erstatte Vartdal kraftverk med eit nytt kraftverk med same lokalisering. Også eksisterande trykkkrøyr skal erstattast. Vassvegen blir elles som før.
- Inntaksdam ved Litlvatn skal erstattast og ved Risaskarvatnet blir det bygt ein ny flaumterskel. Eksisterande reguleringsmagasin får same høgde som i dag: Litlvatn kote 510,50 – 507,90 og Risaskarvatnet kote 513,40 – 507,90.
- Maksimal slukeevne blir auka frå 225 l/s til 750 l/s. Dette er ca. 195 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 385 l/s. Minimum slukeevne er på 10 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 22 l/s.
- Det er foreslått ei minstevassføring på 5 l/s.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 9 GWh med installert effekt på 2,5 MW.

Vartdal vassverk nyttar vatnet som kjem frå Vartdal kraftverk, med inntak like nedstraums kraftverket. Søknaden til Vartdal kraftverk bør sjåast saman med søknaden til Vartdal vassverk om å få etablere Svartevatna som naudvasskjelde. Vi viser her til vår fråsegn 14.09.2010, men har også nokre kommentarar til dette i denne fråsegna.

Vurdering

Biologisk mangfald

Konsekvensane for biologisk mangfald er utgreidd i eigen rapport. Vi finn ikkje grunn til å gå gjennom denne her, men registrerer at den raudlista pyttknøkkmose (DD) er funne ved det fremste Svartevatn og den lokalt viktige naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark er registrert i Risaskaret. Vi føreset at tiltak i området i størst mogleg grad tar omsyn til desse lokalitetane. Vi har elles ikkje vesentlege merknader til rapporten og konklusjonane i denne.

Minstevassføring

Korkje Vartdal kraftverk eller Vartdal vassverk har krav om minstevassføring i dag. Kraftverket søker om ei minstevassføring på 5 l/s heile året, som tilsvarar om lag lekkasjen i den eksisterande dammen. Det er ikkje krav til minstevassføring i gjeldande konsesjon. Når dammen blir restaurert og kraftverket si slukeevne aukar vil det klart vere behov for å stille krav til minstevassføring. Rapporten om biologisk mangfald foreslår ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på 22 l/s i sommarhalvåret og 5 l/s i vinterhalvåret. Dette er grunngjeve først og fremst med omsynet til sjeldne, fuktkrevjande mosar. Vi vil i utgangspunktet støtte dette forslaget. Dette må også vurderast opp mot målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

Eksisterande trykkørør er godt synleg slik det ligg i dagen på fundament av betong. Ved sida av røyrgata går også ei høgspenline opp til inntaket. Etter det vi forstår skal denne lina takast ned. Dette er positivt. Eit nytt trykkørør skal framleis liggje i dagen, men det får svart farge og dermed eit meir avdempa uttrykk. Landskapsmessig er likevel ikkje denne løysinga optimal. I moderne kraftutbygging er alternativet at trykkørøret blir lagt i grøft eller det blir gjennomført fullprofilprofilboring. Det førstnemnte alternativet er neppe aktuelt da det er bratt og lite massar til overdekking. Eventuell profilboring burde vore utgreidd som del av søknaden.

Sidan dette er eit opprustingsprosjekt vil ikkje tiltaket i utgangspunktet påverke INON ytterlegare. Ei regulering av Svartevatna (nedre Svartevatn), som omsøkt i Vartdal vassverk sin søknad, vil derimot påverke eit prioritert inngrepsfritt naturområde (jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal). Vi ber om at NVE tar omsyn til dette i samband med søknaden(e).

Risaskaret/Risaskarvatna/Svartevatna er del av eit større fjellområde mellom Ørsta og Hjørundfjorden som er registrert som friluftsområde av nasjonal verdi.

Opprustingsprosjektet vil i utgangspunktet ikkje påverke friluftinteressene i særleg grad, med unntak av anleggsperioden. Når det gjeld ei eventuell regulering av nedre Svartevatn vil dette landskapsmessig vere klart negativt og redusere opplevingsverdien av området (sjå også vår tidlegare fråsegn).

Under synfaringa vart det peika på at ei noko større regulering av Risaskarvatna kanskje kan vere ei betre løysing enn å tappe ned nedre Svartevatn. Dette som ei naudløysing ved lite vatn til vassverket. Vi vil rå til at dette blir nærare utgreidd.

Fisk

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til ei opprusting av Vartdal vassverk ut over det som er vist i kommentarane over.

Vi vil likevel rå til at det blir sett krav til ei minstevassføring som i større grad stettar omsynet til ålmenne interesser og særleg sjeldne, fuktkrevjande mosar.

For å unngå ei regulering av nedre Svartevatn, som naudløysing til Vartdal vassverk, bør det utgreiast om ei noko større regulering av Risaskarvatna kan vere ei betre løysing.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA